# Innspel til kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020

Innspela til kommunedelplan for trafikksikring kom inn i høyringsperioden 12.02.-29.03.2016. Innspela er vurdert og kommentert av Trafikksikringsutvalet og arbeidsgruppa for trafikksikringsplanen.

<table>
<tr><td colspan="4">Innspel 1</td></tr>
<tr><td>Dok.nr. i ePhorte</td><td>Avsendar</td><td>Veg og område</td><td>Tiltak (referanse til temakart)</td></tr>
<tr><td>3</td><td>Bjørn Larsen</td><td>FV 555: Leite Gard til Gjerde kulturminnegard</td><td>1. G/S-veg frå eksisterande fortau på Leitet sør til Gjerde kulturminnegard. (1)<br><br>2. Utviding av heile svingen forbi G.nr. 56 B.nr. 8 (2)<br><br>3. Fjerna meir av fjellknaus ved innkjøringa til Bankesteinsvegen for å betra sikta nordover (2)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">Dette er ei strekning med mykje trafikk og mange fotgjengarar. Strekninga er så smal at det ikkje er markert gul skilelinje mellom køyreretningane.<br>Gjennom heile svingen på denne strekninga er det så smalt at det ikkje lar seg gjera å få to bussar eller lastebilar til å passera ein annan. Når då også fotgjengarar og syklistar skal ferdast i same køyrebane, vert det mange hendingar som fort kan enda i ei ulukke.<br><br>
</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| |  |
| Vurdering | Ny FV i framtida vil gi mindre gjennomgangstrafikk, men dette ligg eit stykke fram i tid. Dette er heilt klart ein trafikkfarleg strekning, spesielt for mjuke trafikantar. Kommunen må arbeide for at fylkeskommunen prioriterer denne strekninga. Trafikksikringsutvalet og arbeidsgruppa for trafikksikringsplanen meiner at kommunen også bør sjå på alternative løysingar som gangsti i terreng, helst universelt utforma. Flatt terreng, men jordbruksareal. Eksempelvis kan noko av gangstien liggja i terreng, og andre stader langs fylkesvegen. Vedtak om farleg skuleveg føreligg.<br>1. og 2. blir prioritert i framlegg til TS-plan<br><br>Fjellknaus: er til hinder for ein privat utkøyrsle, og difor vegeigarane sitt ansvar. |

## Innspel 2

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 4 | Svein Arild Pedersen | Fv 555: Leite Gard til Gjerde kulturminnegard | 1. G/S-veg frå Leitet Gard til Gjerde kulturminnegard. (1) |
| Innspel | Smal og farleg strekning. Det er friluftsområde og turstiar i området, men svært begrensa med parkeringsmoglegheiter. Det resulterer i at mange parkerer ved Fjell kyrkje for å ta med småbarn langs den farlege strekninga opp til Gjerde kulturminne-gard. Kvar dag fryktar bebuarar langs strekninga for livet til fotgjengarar som ferdast her. | | |
| Vurdering | Same som innspel 1 | | |

| **Innspel 3** | | | |
|---|---|---|---|
| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
| 5 | Magne Andre Pedersen | Fv 555: Leite Gard til Gjerde kulturminnegard | 1. G/S-veg frå eksisterande fortau på Leitet sør til Gjerde kulturminnegard. (1)<br><br>2. Utviding av heile svingen forbi G.nr. 56 B.nr. 8 (2)<br><br>3. Fjerna meir av fjellknaus ved innkjøringa til Bankesteinsvegen for å betra sikta nordover (2) |
| Innspel | Dette er ei strekning med mykje trafikk og mange fotgjengarar.<br><br>Ei av dei mest trafikkerte vegane på Sotra, men mykje tungtrafikk. Den einaste traseen for barn og vaksne utan bil.<br><br>Strekninga er så smal at det ikkje er markert gul skilelinje mellom køyreretningane. Gjennom heile svingen på denne strekninga er det så smalt at det ikkje lar seg gjera å få to bussar eller lastebilar til å passera ein annan. Når då også fotgjengarar og syklistar skal ferdast i same køyrebane, vert det mange hendingar som fort kan enda i ei ulukke. | | |
| Vurdering | Same som innspel 1 | | |

| **Innspel 4** | | | |
|---|---|---|---|
| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
| 6 og 8 | Tor Landro | 1) FV 211: Polleide-område: ml. Polleide og krysset 300 m lengre syd mot Kårtveit.<br><br>2) FV 210: Eide til Sekkingstad | 1 og 2: Utviding av veg (3 og 4) |
| Innspel | 1) Berre éi køyrebane, blir flaskehals.<br>Stor utbygging på Polleide, Angeltveit, Angeltveitsjøen og Landro, fører til stor trafikkauke og mykje venting på nord/syd-trafikken ved Polleide.<br><br>2) Eide til Sekkingstad er ei strekning med mykje trafikk på smal veg. | | |
| Vurdering | 1) Det er problem med trafikkavvikling i området, for å løyse dette må vegen og brua utvidast til to felt. Vegstrekket har G/S-veg, og sikta er god i begge retningar. Blir kostnadskrevjande grunna brua.<br>2) Vegen bør utvidast med to felt, og G/S-veg. Svært kostnadskrevjande prosjekt. | | |

## Innspel 5

<table>
<tr><th>Dok.nr. i ePhorte</th><th>Avsendar</th><th>Veg og område</th><th>Tiltak (og referanse til temakart)</th></tr>
<tr><td>10</td><td>FAU v/ Ågotnes skule</td><td>1) Ågotnes skule<br><br>2) FV 211 frå Ågotnes mot Kårtveitpollen (delar av Landrovegen)<br><br>3) FV 211 frå Ågotnes skule mot krysset til Walderhaug (delar av Landrovegen)</td><td>1) Utbetring og utviding av snuhammar ved Ågotnes skule. (5)<br><br>2) FV 211 frå Ågotnes skule til Kårtveitpollen bør utbetrast. (3)<br><br>3) FV 211 frå Ågotnes skule til krysset mot Walderhaug bør utbetrast. (6)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">




1.

Snuhammaren er smal og bør utvidast slik at bilar kan stå plassert langs kanten, medan det likevel er rom for at bilar kan køyra forbi. Plassen bør asfalterast slik at ein kan sleppa barn ut av bilar vekk frå trafikken og ikkje inn mot senter av snuhammaren. Slik det er i dag er det mange farlege situasjonar der bilar står i kø, barn må gå inn i senter av snuhammaren for å komma seg til skulen. Innkøyrsla er også smal og er ein flaskehals som påverker innkøyrsla til Ågotnes barnehage. Dette kan skapa kø heilt ut i fylkesvegen og skapar mange farlege trafikksituasjonar, spesielt om morgonar der også gåande og syklande barn er på veg mot skulen.

2. Vegen er for smal til at bilar kan møtast, og bilar må opp på fortau ved møtande trafikk. Fortauet er ein del av skulevegen til Ågotnes skule.

3. Vegen er for smal til at bilar kan møtast. Dette kan skapa kødanning mot Kårtveitpollen og forsterka problemet skildra i punkt 2, i tillegg til kødanning inn mot Ågotnes skule og forsterka problemet skissert i punkt 1.

</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| Vurdering | 1) Området framstår som kaotisk, og det bør bli utarbeida ei meir heilskapleg løysing. Sjå på ulike løysingar for området sørvest for snuhammaren. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>2) Same som innspel 4<br>3) Same som innspel 4 |

## Innspel 6

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 11 | FAU v/Fjell Ungdomsskule | Straumeområdet | Betre/fleire veglys i Straumeområdet (7) |
| Innspel | FAU har fått bekymringsmeldingar frå foreldre om dårleg belysning i det sterkt trafikkerte Straumeområdet. Det har vore fleire nesten-påkøyrslar i fotgjengar-overgangar. Betre veglys vil gjera det sikrare å ferdast i området. | | |
| Vurdering | Det bør komma intensivbelysning i overgangsfelta på Straume, og betre veglys langs Grønamyrsvegen Foldnesvegen og Bildøyvegen mor Sjøfronten. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br><br>Grønamyrsvegen får fortau med veglys på delar av strekninga, og intensivbelysning i overgangsfelt ved rundkøyringa i sør (vår 2016). | | |

## Innspel 7

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 12 | Eide og Kårtveit Vel | FV 210 | 1. G/S-veg frå Rekkjavegen til Apelvågen (4)<br><br>2. G/S-veg frå Rekkjavegen til glattkøyringsbanen (4)<br><br>3. Nedsett fartsgrense frå 60 km/t til 50 km/t (8) |

| | |
|---|---|
| Innspel | <br><br>Aukande trafikk og mykje tungtrafikk. Utbygging på Midtfjellet fører til meir trafikk. Mange barn har dette som skuleveg, og det er per i dag ikkje to køyrefelt. Spesielt krevjande for mjuke trafikantar når to køyretøy skal passera kvarandre. |
| Vurdering | 1. og 2. Same som pkt. 2 i innspel 4<br>3. Kommunen kan sende førespurnad til Statens vegvesen, som er skiltmynde på fylkesvegar. |

## Innspel 8

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 13 | Dei på Gjerdet v/ Tone Boska | FV 555 mellom Fjell gard mot sør til Gjerdet Kulturminnegard. | G/S-veg (1) |
| Innspel | Det er mykje aktivitet knytt til natur- og kulturtilbod frå Gamle sentrum med Kulturbakeriet Urtemakeriet, Leite gard og Steffistøvo, Russarstegen, Fjell Festning og Dei på Gjerdet (Gjerdet Kulturminnegard).<br><br>Det er vanskeleg å komma seg til Fjell utan bil. I tillegg er parkeringsplasser for liten. Å utvikla eit G/S-nett vil gjera det lettare for fleire å kunna nytta tilboda og naturen i og rundt Fjell gard, og resultatet vert berekraft og verdiskaping rundt dei etablerte næringane i området.<br><br>Slik tilstanden er i dag, er det med livet som innsats ein bevegar seg langs vegen. Der er ikkje gul stripe, og store køyrety har problem med å passera kvarandre. Dette er ei hovudferdselsåre der farten ofte er høg. | | |
| Vurdering | Same som innspel 1 | | |

## Innspel 9

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 14 | Gardstunet barnehage v/ dagleg leiar, eigar, SU og repr. for personalet | FV 555 | G/S-veg frå Gardstunet barnehage og sørover til innkøyringa ved Festningsvegen (1) |
| Innspel |  <br><br>Gardstunet barnehage ligg med gangavstand til mange flotte turområde, men for å komma til fleire av desse må barna gå lags FV 555 og sørover. Her går dei for å komma til sjøen, Gjerdet Kulturminnegard, Russarstien, festninga og sagbruket. For å komma til festninga går dei turvegar ved barnehagen, men dette utelukkar barn i rullestol og barn som har behov for vogn. | | |

| | |
|---|---|
| | Barnehagen har opplevd så mange trafikkfarlege situasjonar at dei ikkje lengre vågar å gå med barn langs denne strekninga, og dei skyssar i dag barna 200 meter med buss. Ikkje eingong når vaksne står trafikkvakt respekterer mange bilistar å senke farta. |
| Vurdering | Same som innspel 1 |

## Innspel 10

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 15 | Kårtveitpollen barnehage | 1. Ved barnehagen<br>2. Ved innkøyrsle til Landrovegen | 1. Gatelys / meir belysning utanfor barnehagen (9)<br>2. Fartsdempar (9) |
| Innspel | <br>Det er svært dårleg belysning på staden, ca 35 meter mellom dei to gatelysa som er nærmast barnehagen. Barn, foreldre og tilsette må gå over vegen frå parkeringsplass til barnehagen. Ønskjeleg med fartsdump for å senka farten på bilane som passerar. | | |
| Vurdering | Vegen forbi Kårtveitpollen barnehage er ein privat veg. Tiltaka er eit privat ansvar. | | |

## Innspel 11

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 16 | Spjeld Grendalag v/ Jan Ove Andersen | 1. FV 561 frå Spjeldstunellen og forbi avkøyrsle til Fløythaugen<br>2. FV 561 ved busstopp på Spjeld<br>3. Kryss ml FV 561 og Spjeld | 1. Nedsett fartsgrense (12)<br>2. Oppheva gangfelt eller sikker vegovergang med undergang eller lyskryss (10)<br>3. Utvida inn-/utkøyrsle (11)<br>4. Innkøyringsfelt for dei som kjem nordover på fylkesveg, og skal inn til Spjeld (11) |
| Innspel | Auke i tal hus og barnefamiliar betyr auke i barn som må kryssa Fv 561. Bilar kjem i høg fart frå begge retningar, og barna må stå i fleire minutt før dei kan kryssa vegen.<br><br>For barn som kjem heim om ettermiddagen er faren ekstra stor. Når bussen køyrer ut frå busstoppet blokkerar den sikten i nordleg køyreretning, heilt til bussen har passert svingen 100 meter lengre nord. Det er då umogleg å sjå om bilar kjem i stor fart i motgåande køyreretning. Dette har ført til fleire svært farlege kryssingssituasjonar.<br><br>Når bilar skal køyra av Fv 561 og inn til Spjeld, blir bilane ofte ståande midt i vegbanen på grunn av motgåande trafikk. Bilane som kjem bakfrå køyrer då på utsida i bussfeltet, i høg fart. Dei anser det til å vera ein betydeleg trafikkrisiko.<br><br>Når bilar køyrer inn og ut av innkøyrsla samtidig oppstår det til tider farlege trafikksituasjonar. Dette fordi utkøyringa til Fv 561 er for smal. Bilar som skal inn til Spjeld blir ståande i fylkesvegen, fordi det ikkje er passasje til å komma fordi bilen som er på veg ut av krysset. | | |
| Vurdering | Farleg vegstrekk der trygge overgangar bør prioriterast av fylkeskommunen og Vegvesenet. Tiltak blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br><br>Vedtak om farleg skuleveg grunna kryssinga av FV 561 | | |

## Innspel 12

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 17 | Morland og Morlandstø velforening v/ Lillian Skrede | 1. KV 69, Morlandsvegen.<br>2. Ballbingen/leikeplass på Morland til forbi innkjørselen til Morlandshaugane, ca 200 meter. | 1. Nedsett fartsgrense frå 50 km/t til 30 km/t (13)<br>2. Fartsdemparar (14) |

| | |
|---|---|
| Innspel | <br><br><br>Det har i det siste kome mange nybygg heilt attmed Morlandsvegen, og i desse husa har det kome mange barn. Per dags dato er det 12 barn i alderen 0-8 år. Desse barna er mykje ute, og foreldre kan fortelje at dei mange gongar har hjartet i halsen på grunn av at bilane køyrer veldig fort forbi akkurat dette området. Og nokre har vore vitne til mange nestenulykker.<br><br>Området er svært uoversikteleg. Det er spesielt skummelt for husa som har utkjørsel direkte til den kommunale vegen og ut frå sin eigendom. Bilane som kjem kjørande frå Morland kjem frå ubebygd område med skog og rett over i tettbebygd område med mange barn. Overgangen frå skog til tettbebygd område er midt i en uoversiktlig sving.<br><br>Bilane har òg ein sterk tendens til å "gi på litt" når dei kjem køyrande opp frå hovudvegen. Dette skapar mange farlege situasjonar, både for ungane og for dei som skal køyre inn på vegen.<br><br>Barna må også krysse vegen for å kome over til fortauet for å ta skulebussen, eller for å gå til ballbinge/leikeplass. Sidan det er så mange barn her er det naturleg at vi møtest ute langs vegen og på fortauet, og det er da farleg at bilane køyrer så fort forbi. Vi veit alle kor fort ein unge kan springe ut i vegen utan å sjå seg for.<br><br>Vidare er det planlagt bygging av fleire hus i området. Fartsgrensa har ikkje vore endra sidan det vart bygd nye hus her, og 50 km/t er ei altfor høg fartsgrense i eit slikt område. I tillegg er det enkelte som køyrer langt over denne grensa. |
| Vurdering | Samferdsleavdelinga bør gjennomføra fartsmålingar på vegen, og vurdera tiltak etter dette. |

## Innspel 13

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 18 | Algrøy bygdalag v/ Bjarte Algrøy | 1. FV 208: Algrøy skule til Langøybruna, Nordre Øyavegen<br><br>2. KV 1211: Kongevikvegen | 1. Sette ned farten frå 80 til 50 km/t på skulevegen frå Algrøy skule til Langøybruna (15)<br>2. Fartsdemparar (16) |

<table>
<tr><td></td><td></td><td>3. FV 208: Nordre Øyavegen og Øyavegen<br><br>4. FV 210 og FV 559: Vestsidevegen, Fjell Gard til Ågotnes<br><br>5. FV 208: Nordre Øyavegen</td><td>3. Utviding av veg (flytting av autovern) (15)<br><br>4. Opprusting av Vestsidevegen og omgjering til forkøyrsveg (8 og 17)<br><br>5. Betre belysning langs veg (15)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">1. Smal skuleveg, ikkje 80 km/t-standard på denne vegen<br>2. Auka trafikk i vegen dei siste åra, dels pga slakteriet til Stilalam, mange bilistar køyrer for fort, og mange barn bur/leikar i området<br>3. Smal veg, to bilar klarer ikkje å passera kvarandre. Tiltaket vil tryggja vegen for fotgjengarar<br>4. Fleire farlege stader og uoversiktleg langs vegen. Mykje trafikk<br>5. Betra situasjonen for fotgjengarar, populært turområde for fotgjengarar vinterstid<br><br>2. Kongevikvegen:<br><br></td></tr>
</table>

3. Nordre Øyavegen:




3. Øyavegen:



| | |
|---|---|
| | 4. Vestsidevegen:  <br><br>5. Nordre Øyavegen |




| | |
|---|---|
| Vurdering | 1) Kommunen har hatt fleire dialogar med SVV om å setja ned fartsgrensa på denne vegen. Kommunen vil fortsetja dialogen om dette. Vedtak om farleg skuleveg for 1.-7.klasse grunna høg fart. Med lågare fart ville 5.-7. klasse klart seg med vinterskyss. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>2) Samferdsleavdelinga skal utføra fartsmåling for å vurdera tiltak<br>3) Kommunen kan søkja Vegvesenet om dette tiltaket.<br>4) FV 210: sjå pkt. 2 i innspel 4. FV 559: kryss til KV 61 Åsevegen og kryss KV 62 Møvik kai: godkjente reguleringsplanar føreligg. Finansiering manglar for Åsevegen, her er det vedtak om farleg skuleveg. Kryss til FV 205: her bør fjellknaus fjernast. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>5) Dersom fartsgrensa vert sett ned vil ekstra skuleskyss for 5.-7. klasse vurderast på ny. Belysning langs skuleveg vert då viktig. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan. |

## Innspel 14

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 19 | FAU Ulveset skule v/Jan Eide | 1. FV 559: Der gangvegen frå Nese kryssar hovudvegen ved Ulveset skule<br>2. FV 205: G/S-veg stoppar på Tveita<br>3. FV 555: G/S-veg stoppar ved Gardstunet barnehage | 1. Fotgjengarovergang ved Ulveset skule (18)<br>2. Forlenga G/S-veg til snuplassen på Nese (19)<br>3. Forlenga G/S-veg til Gjerde kulturminnegard (1) |

<table>
<tr><td>Innspel</td><td>

1. Foreldre ved skulen meiner det ville vore tryggare å ha ein tydeleg markert fotgjengarovergang på denne staden. Det er mykje trafikk rundt skulen, samstundes som mange elevar lyt kryssa vegen på denne staden.

2 og 3. Skulevegen vurderast som farleg på desse stadene i dag. Ein vil ikkje senda barna sine til fots eller sykkel på grunn av tilhøva langs vegen.

1. Ønska fotgjengarovergang:




</td></tr>
<tr><td>Vurdering</td><td>

1. SVV har gjennomført teljingar og ikkje funne grunnlag for fotgjengarovergang i området. Kommunen skal be SVV om ny vurdering.
2. G/S-veg heilt fram til Nese hadde fjerna behov for ekstra skuleskyss for 1.-4. klasse. Langt strekk, og svært kostnadskrevjande med G/S-veg.
3. Same som innspel 1.

</td></tr>
</table>

## Innspel 15

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 20 | FAU Misje skule og Misje bygdalag v/Inger Lande Danielsen og Anita Berland | 1. FV 561 over Misje (ca 2 km.)<br>2. FV 561: Busstopp og tilkomstvegar frå bustadområde på Misje (Misje nord, midt v/Gjerdet og Misje sør)<br>3. Same som pkt. 2. | 1. 60-sone over heile Misje (20)<br>2. Fotgjengarfelt med lysregulering ved alle tre busstopp på Misje (21, 22, 23)<br><br>3. Dersom tiltak skildra i punkt 1 og 2 ikkje er aktuelle kan ein vurdera løysing der bussen kryssar vegen, slik som ved Knappenfeltet på Vik i Øygarden, FV 561. |
| Innspel | Fylkesvei 561 over Misje er tett trafikkert, også med tungtransport for eksempel til/frå Kollsnes og Sture. Det er no 80-sone på strekninga, men det vert ofte køyrt fortare enn dette. Strekninga er forbikøyringsplass for mange som køyrer til og frå Øygarden. Misje er ein tettstad med ca 300 innbyggarar. Bustadområda ligg i all hovudsak på austsida av FV 561. Det er tre tilkomstvegar til/frå bustadområda til FV 561, og ved desse | | |

| | |
|---|---|
| | tilkomstvegane er det etablerte busstopp som brukast dagleg av innbyggarane på øya og besøkande. Det er ingen trafikksikringstiltak for kryssing av fylkesvegen. Sikten ved dei tre<br>busstoppa er relativt dårleg, i alle fall i ei av retningane på alle stader. Dette grunna svingar, kupert landskap/knausar og vegetasjon. Dette gjer det vanskeleg sjølv for vaksne å kryssa vegen på ein sikker måte, og for barn vil farlege situasjonar svært lett oppstå.<br><br>Fjell kommune har vedtatt å leggja ned Misje skule, og planlegg at barna på Misje skal gå på Landro skule. I den forbindelse er det nødvendig å sikra trygg skuleveg frå alle tre tilkomstvegar på Misje og fram til Landro skule - før Misje skule vert avvikla (rekkjefølgjekrav). Det vil ikkje vera tilstrekkeleg å sikra trygg kryssing av fylkesvegen ved undergang ved Solsviksundet bru/Hytto, då dette i praksis vil bli for langt unna (avstand ca 800meter - ca 1.7 km avhengig av kvar ein bur på Misje). Undergang ved Hytto er nok flott når ein går søndagstur, men ikkje om morgonen når ein skal rekka bussen. Då vil nok dei fleste kryssa hovudvegen for å komma til nærmaste busstopp (som for mange er Misje nord eller Misje midt v/ Gjerdet, ikkje Misje sør v/Hytto).<br><br>Ei løysing med skulebuss frå snuplassen på Misje vil vera for langt for mange av skulebarna (opp til 1,2km), og er derfor lite gjennomførbart.<br><br>Frå Trygg trafikk sin rettleiar "Særlig farlig eller vanskeleg skulevei" finn ein følgjande: «Både barn og voksne vil ofte velge den korteste vei og ikke nødvendigvis den tryggeste vei. Barn er mest utsatt for ulykker når de krysser en vei. For å krysse vei må det beregnes fart, tidsluker og avstand til biler. Spesielt elever i småskulen er utsatt for ulykker, dette grunnet liten trafikkerfaring, de er små av vekst (vanskeleg å se og å bli sett), de kan ha vansker med å forstå det de ser og hører i trafikken, de kan ha vansker med å bedømme avstand og fart til biler som nærmer seg, og de forstår ikke nødvendigvis at biler kan dukke opp når de selv ikke ser dem».<br><br>Dette gjer det nødvendig å sikra skulevegen for barna på Misje.<br><br>Ut fra dette meiner vi det er nødvendig å gjennomføra tiltak som skissert i punkt 1 og 2. Alternativt kan ein gå for løysing skissert i punkt 3, men dette vil ikkje sikra trygg kryssing av FV. 561 når ein ikkje skal med bussen. Misje har ein fantastisk natur- og turløype "Vest i Marka" - på vestsida av fylkesvegen. Denne ønskjer vi at både barn, ungdommar og vaksne skal nytta i størst mogleg grad – med trygg tilkomst frå bustadområda på austsida.<br><br>Kart:<br>Blå rundingar på hovudveg er tilkomstvegar til FV 561 frå Misje. Busstopp er plassert same stad: |

| | |
|---|---|
| |  |
| Vurdering | 1. Kommunen skal senda førespurnad til SVV.<br>Det er behov for trygge overgangar, og behovet vil auke når elevane vert overført frå Misje skule til Landro skule i august 2017. Vegvesenet kjem til å avslå tre lysregulerte overgangsfelt på Misje, men det bør vera mogleg å leggja til rette for eitt, t.d. ved Gjerde.<br>I detaljereguleringsplan for Gamlevegen, gnr 59 bnr 1 m.fl., Misje, vert det lagt til rette for gangveg i terreng slik at ein sikrar ein trafikksikker tilkomst til fortau og busshaldeplass langs fylkesvegen. Det bør vurderast om det er mogleg med fleire gangstiar/snarvegar i terreng, frå bustadane i sør og nord. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br><br>2. Dette er ikkje ei trafikksikker løysing, og kommunen vil ikkje søka om dette tiltaket. |

## Innspel 16

Vedlegg 3: Innspel til TS-plan 2017-2020 med kommentarar

<table>
<tr><td>Dok.nr. i ePhorte</td><td>Avsendar</td><td>Veg og område</td><td>Tiltak (og referanse til temakart)</td></tr>
<tr><td>21</td><td>Brekko Velforening og Haganes Velforening v/Rudi Wiers og Morten Havre</td><td>1. og 2. FV 204 Haganesvegen</td><td>1. Minst to fartsdemparar mellom innkøyrsla til Hedlemyra bustadfelt og snuplassen til KV 57 på Notaneset (24)<br>2. Nedsett fartsgrense frå 50 til 30 km/t (24)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">Velforeningane representerer bustad- og hyttefelta Raunåkeren, Haganesbrekko og Tuena sør på Haganes. Bustadfelta inngår i skulekrinsen til Tellnes skule, og Haganesvegen har skulebuss.<br><br>Fartsgrensa i området er 50 km/t, og er for høg. Den blir heller ikkje overhaldt i praksis.<br><br>Forholda på staden gjer at fartsreguleringa er feil, særskilt pga nærleiken mellom bustadfelta og vegen, og den utstrakte bruken av Haganesparken. Det er dagleg høg aktivitet på begge sider av dette vegstukket, og skulebarn må ferdast på og langs vegen både før og etter skulen.<br><br>Ei fartsgrensesone på 50 km/t tilseier, jamfør Statens Vegvesen håndbok V128 (s. 9), at dødsrisikoen for fotgjengar ved påkøyrsle er 80 %. Til samanlikning er dødsrisikoen ved 30 km/t rundt 10 %. Det kan ikkje vere slik at velforeiningane må dokumentera ulukker eller ulukkesstatistikk for å få sett i verk eit offentleg trafikksikringstiltak, det undergraver fullstendig det å vera førebyggjande tiltak.<br><br>Å endra fartsgrensa åleine vil ikkje endra dei trafikale utfordringane for sjåførar, som må ha merksemda retta framover og mot eventuelle barn som kjem ut frå bustadfeltet på høgre side av vegen (sett frå køyreretning mot sør). Dette<br>fordi merksemda naturleg trekkjast mot aktivitet i Haganesparken på venstre side av vegen. Undersøkingar som kommunen sjølv trakk fram i TS 2013-2016 (s. 13) viser også at skilting av fartsgrensesonar har liten effekt og at andre fartsdempande tiltak er nødvendig for å få ned det reelle fartsnivået, ulukkesfrekvens og potensielt skadeomfang. Vi mener difor at fartsdemparar, dvs. ei fysisk hindring, naturleg vil føra til lavare fart og dermed redusera faren for ulukker vesentleg. Velforeningane vil gå inn for minst to tilpassa fartsdemparar, dersom det berre er aktuelt for kommunen å gå inn for eitt trafikksikringstiltak på dette vegstykket.<br><br>Eit vesentleg samfunnsøkonomisk poeng i denne samanheng er at det er ingen gjennomgangstrafikk i sørleg ende av Haganesvegen som vil bli negativt berørt, verken som følgje av lavare fartsgrense eller fartsdemparar. Som nevnt over leier FV 204 i sør til KV 57 (ca. 100 m) som endar på kaianlegget på Notaneset. Det er altså ingen vidare vegforbindelse, verken for private eller næringsdrivande. Det<br>finst alternative fartsdemparar som ikkje vil medføra fare for skade på bussar eller næringstransport, men samtidig ta i vare trafikktryggleiken på ein tilfredsstillande måte.<br><br>Velforeningane vil vidare gjera kommunen merksam på at krava til fartsdemparar er differensiert i ulike fartsgrensesoner, dvs. at fartsdemparar er billigast i ei 30-sone.</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | Dette er bekrefta av asfaltentreprenørar vi har vore i kontakt med. Prisnivået for ein fartsdempar er minimum 25 000 kroner i 50-sone (inkludert nivellering, utlegging og etterkontroll), medan prisnivået er vesentleg lågare i 30-sonar grunna dei meir lempelege krava til lengde, bredde, skilting/merking og bruk av refleksiv maling. Vi meiner difor at kostnadsestimata som kommunen la til grunn for anlegg av fartsdemparar i TS 2013-2016 ligg i overkant av dagens faktiske marknadsprisar.<br><br>Total kostnad for to fartsdemparar på dette veistykket mener vi ligg under 50 000 kroner, gitt ei fartsgrensesone på 30 km/t.<br><br>Velforeningane viser til at FV 204 Haganesvegen ikkje vart prioritert med delfinansiering frå kommunen i TS-planen 2013-2016/2020.<br><br>Velforeningane er innforstått med at vi har eit sjølvstendig ansvar for å halda fartsgrensa og bidra til haldningsskapande arbeid blant våre medlemmer. I den forbindelse har vi vore i kontakt med Statens Vegvesen for å få utført fartsmålingar og komme fram til utbetringar som vi sjølv kan ta ansvar for. Vi har førebels fått løyve til å setja opp "Barn leker"-skilt ved innkøyrsla til Raunåkeren og Haganesbrekko, i tillegg til at alle bebuarane med grunn ut mot FV204 vil følgja anbefalingane frå Statens Vegvesen (for eksempel klippa ned hekker og busker).<br><br>Velforeningane vil gjera kommunen merksam på at den har sett av areal til nye bustadområder på Tellnes/Haganes i gjeldande KPA. Det betyr at flere skulebarn vil bu i området. Skulebarn og skulevegar inngår klart i kommunen si målgruppe og prioriteringar. I tillegg er det vedtatt ein detaljreguleringsplan for ei ny småbåthamn på Notaneset (gnr. 52 bnr. 1, 227 m.fl.) som vil omfatta 80 årsplasser.<br>Dette meiner vi vil medføra auka trafikk på FV 204 og dermed auka fare for skader og ulukker. |

| | |
|---|---|
| |  |
| Vurdering | Med bakgrunn i at det ikkje er gjennomgangstrafikk og fleire bustadfelt, vil kommunen sende førespurnad til SVV om nedsett fartsgrense og fartsdemparar. Vedtak om farleg skuleveg føreligg. |

## Innspel 17

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 22 | Fjell grendalag v/ Gerd Fjeld Andersen | FV 555: Leite Gard til Krossleitet og avkøyringa til Fjell festning. | 1. Vidareføring av G/S-veg frå Leitet Gard på Fjell langs FV 555 til Krossleitet og avkøyringa til Fjell festning. (1)<br>2. Vurdering av eit tidvis uoversiktleg trafikkbilete i Fjell sentrum. (25) |
| Innspel | For fotgjengarar og syklistar som ferdast langs FV 555 frå eksisterande G/S-veg ved Leitet gard, er dette ei ubehageleg oppleving. Langs vegen her som er gjennomgangsvegen til Søre Fjell og Sund, er det tidvis smal vegbane. Store køyretøy som møtast må ofte stoppa nesten opp. Det å vera fotgjengar eller syklist langs ein slik veg er ikkje ufarleg. Vi kjenner til at det ved arrangement ved Fjell kulturminnegard og Russastegen m.fl. vert køyrande vist til parkering i Fjell sentrum, noko som sjølvsagt aukar trafikken langs denne strekninga. Vi ser også uoversiktlege trafikktilhøve ved FV 555 ved parkeringsplassen til festninga når det er stor utfart til Fjell festning og Liatårnet. Vi ber om at G/S-vegen frå Leitet gard vert forlenga til Krossleitet og avkøyringa til Fjell festning. | | |

| | |
|---|---|
| |   |
| Vurdering | 1. Same som innspel 1.<br>2. Det vil ikkje vera mogleg å flytta overgangsfelta i Fjell sentrum, grunna konfliktar med bilkryss og innkøyring til butikk. Det bør komma nytt og betre skilt ved gangfeltet, og malast opp nye striper. |

## Innspel 18

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 23 | Kristoffer Barhaug | 1. FV 209 Foldnesvegen og Vågevegen, KV Anglevikvegen<br>2. FV 209 Foldnesvegen<br><br>3. FV 233 Brattholmen skule – Brattholmen kai | 1. G/S-veg eller breitt fortau Straume - Vågo/Anglavika (27 og 28)<br>2. Gangfelt ved inn-/utkøyring Sartorparken (29)<br>3. Fortau frå Brattholmen skule til Brattholmen kai (30) |
| Innspel | Dette vil vera viktige tiltak for å auke trafikktryggleiken til gåande og syklande på desse trafikkerte vegane. | | |

| | |
|---|---|
| | 1.  |

Norgeskart
Norgeskart
holmen
Angla-
vika
Auste-
vågen
Angla-
vika
Røyto
Vågen
Nordre Foldnesvågen
Vågo
Tiltak 1
Stora-
vatnet
Vågavatnet
Botnavatnet
Gulfjellvatnet
Foldnes
Gangstø
Søre
Foldnes-
vågen
Odavatnet
Bykse-
vatnet
Litlesotra
Bu-
holmen
Skiftedals-
vatnet
Synstholmen
Straums-
osen
Stove-
vatnet
Holma-
Arefjord
555

2.


Tiltak 2
209
209 Foldnesvegen
209 Foldnesvegen
2
8
10
4
12
11C
11B
15
9B
7B
3A
3B
14A
16
1
11B
11A
4
2
209

| | |
|---|---|
| | 3.<br><br> |
| Vurdering | 1. Tiltaket er høgt prioritert i TS-plan 2013-16/20, og dette vil vidareførast. Det kjem truleg opp sak om farleg skuleveg på denne strekninga.<br>2. Sjåast i samanheng med reguleringsplanar for Straumeområdet.<br>3. Det er behov for fortau på dette strekket. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan. |

| **Innspel 19** | | | |
|---|---|---|---|
| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
| 24 | Brattholmen skule v/trafikktryggleiks gruppa, Thomas Sørensen | 1. Arefjordvegen<br>2. Brattholmen skule<br>3. Ebbesvikvegen<br>4. Brattholmen skule – Brattholmen kai | 1. G/S-veg, nedsett fartsgrense, fotgjengarfelt (32)<br>2. Ny avleveringssløyfa ved skulen og ny lærarparkering (31)<br>3. Utbetring av forholda for fotgjengarar og sikringstiltak (95)<br>4. Sikra forholda for fotgjengarar (30) |
| Innspel | **Tiltak 1. Arefjordsvegen - Justering av fartsgrensa frå 50 til 40 km/t og opphøgde og opplyste overgangfelt. Gang/sykkelveg eller fortau på strekninga Arefjordsdalen –** | | |

| | |
|---|---|
| | **Storevarden**<br><br>Målgruppe: Alle mjuke trafikantar frå syklistar, foreldre, skulebarn, barnehagebarn, barn som leiker på fritida, mosjonistar/ turgåarar.<br><br>Tiltaket vil binda saman Arefjord, Brattholmen og Svingenområdet (med direkteveg til Straume) i eit effektivt gangvegsystem. Kubbedalen og ytterlegare utbyggingar i området på begge sider av Arefjordsvegen får umiddelbar nytte av anlegget. Fyllmasser til tiltaket kan sikkert skaffast i forbindelse med vegutbyggingar der ein slit med å plassera slike masser.<br><br>Trafikken oppfattast stadig aukande i Arefjordvegen. Stadig fleire bilistar nyttar vegen som «snarveg» i rushtida, utbygging av dette området auker bilismen – spesielt med tanke på Kubbedalen, og tungtrafikken er aukande som følgje av utbygging av Straume industriområde<br><br>I tillegg blir denne delen av Arefjordsvegen i stadig større omfang nytta til mosjon og skulebarn/barnehagebarn som følgje av utbygginga i dette området. Ein har lenge frykta alvorlege trafikkulukker på strekninga. Tiltaket kan setjast i verk etappevis, rimeleg strakstiltak i form av nedsett fartsgrense og opphøgde fotgjengerfelt, og sidan som eit meir omfattande arbeid med resten av tiltaket.<br><br>Eit permanent sikringstiltak på denne strekninga med fysisk sperre mellom dei mjuke og harde trafikantane er vesentleg å få til. Strekninga er skuleveg for stadig fleire barn og desse må bruka køyrebana som skuleveg på ein til dels smal, svingete veg med høy trafikktettleik og ein del svært uoversiktlege punkt. Ved at fotgjengarar får eige areal kan desse punkta passerast utan fare. Dette tiltaket vil også sikra bilistane i form av at harde og mjuke trafikantar separerast fysisk frå kvarandre. Dette vil ta vekk dei mjuke trafikantane i stor grad som eit forstyrrande element i trafikkbiletet til føraren.<br><br>Sjå meir av bakgrunn frå sak i Vestnytt i link under datert 01.07.10<br>http://www.sikkerskulevei.com/dokumenter/vestnytt-20100701_000_00_00_003.pdf |

Vedlegg 3: Innspel til TS-plan 2017-2020 med kommentarar



| | | |
|---|---|---|
| |  | Foto ved Punkt A. Krysset Arefjordsdalen/ Arefjordsvegen. I venstre billedkant enden av eksistrende gangvei. Her bør det lages overgangsfelt og gangvei anlegges langs veien på høyre side i bilde. |
| |  | Foto ved punkt A sørover mot Svingen. Forslaget innebærer gangvei/fortau på høyre side av veien. |
| |  | Foto sørover mot punkt B. Svært uoversiktlig sving. Ganganlegg på høyre side løser den utfordringen. |



Foto fra punkt C og nordover mot punkt B. Her bør ganganlegget ende opp i overgangsfelt…



… som krysser vegen og leder gående over i gangvei på venstre side av veien videre, ved kjeglen i bildet. Bildet er tatt fra punkt C mot svingen i punkt D.



Foto mot punkt D. Forslaget innebærer at det her på høyre side av veien blir gangvei/fortau.




Foto mot punkt F. Foreslått omtrentlig plassering av opphøyd fotgjengerfelt.

**Tiltak 2: . Ny avleveringssløyfa ved skulen og ny lærarparkering ved Brattholmen skule**
Dette tiltaket gir ein forsvarleg trafikksituasjon for både bebuarar i Nygårdsveien, lærarar på skulen og ein forsvarleg skuleplass for våre barn.

Elevtalet på skulen er høgt (250 elevar) og området rundt Brattholmen er i sterk vekst. Skulen er påbygga seinare år og eksisterande leveringsmoglegheiter er ikkje tilfredstillande. I dag er det i realiteten berre mogleg for tre personbilar å levera samtidig. Trafikkgruppa på skulen har gjennomført trafikkaksjonar og køyremønsterinstruksar for å prøva å avhjelpa situasjonen. Desse rutiner er ikkje nok grunna den manglande leverings-/parkeringskapasitet rundt skulen og vi klarer derfor ikkje oppnå ein trygg trafikksituasjon

Tiltaket består av tre samanhengande delar.

| | |
|---|---|
| | 1. Etablera ny lærarparkering nord for skulen. Det finst allereie reguleringsplan hos kommunen i samsvar til vedlagt skisse og vi er enige at dette kan bli ei bra løysing for alle og må setjast ut i live**. Ref: Reguleringsplan for del av gnr 43/724 og gnr 42/4 m.fl-Snekkevika/Brattholmen(planid 20060039)**<br><br>Bebuarar i Nygårdsveien (merka rødt på skisse) køyrer i dag rett utanfor skuleplassen til dei minste, som sidan endar i ei bratt utkøyrsle på Nygårdsveien (sjå gul line). Denne vegen har også blitt brukt av foreldre til levering/henting og her har det allereie vore fleire trafikkuhell. Skulen har derfor informert foreldre at denne ikkje får brukast på vinterhalvåret.<br><br>2. Byggja om eksistarende lærarparkering for levering/henting av skulebarn.<br><br>Gjennom å utnytta den eksiterande lærarparkeringa og eventuelt å ekspropriera garasjar (Langholmen) kan ei trygg leverings-/hentingssløyfa etablerast og gi ein kapasitet som står i samsvar med skulen sitt behov.<br><br>3. Etablera mindre rundkjøring ved ut-/innkøyrsle frå parkering for å redusera farlege trafikksituasjonar ved venstre sving. Dvs. møtande trafikk frå Brattholmen kai/Skrubbeneset.<br><br> |


Rød linje er tenkt leverings lomme
Parkering for levering av 1:e klassinger som må følges in. Kan kjøre videre direkte ut av lommen for at redusere farlige rygge situasjoner
Eksisterende lomme for levering (tre biler i dag)
Mindre rundkjøring for at sikre venstre sving
Møtende trafikk fra Brattholmen kai / Skrubbeneset
11 / 17


Nygårdsveien
Forslag til ny lærer parkering i myren nord før skolen
Bredde og fylle ut sving, må vare god plass vid avkjøring i denne bakken
FARLIG UTKJØRSEL ! som må fjernes
Brattholmen skule
Beboere

| | |
|---|---|
| | **Tiltak 3: Ebbesvikvegen, sikring av farleg skuleveg**<br><br>Smal veg med stygge, svingete og bratte parti, som er særleg glatt om vinteren. Skulebussen og andre bussar kjem ikkje dersom det er dårlege køyreforhold. Ebbesvikvegen er definert som farleg skuleveg.<br><br>Det må også på plass "sladrespeil" i den øverste svingen av Snekkevikbakken. Svingen er svært knapp, og totalt uoversiktleg. Her går og syklar barna om vår/høst. Og bilar/buss har ikkje sjans til å sjå om det kjem barn opp eller ned. Det er skjedd fleire trafikkulukker her.<br><br>Manglar gang- og sykkelveg/fortau - ber om regulering for utbetring av veg med gang- og sykkelveg/fortau. Veit at det no føreligg vedtatt plan om utbygging av vatn og avlaup frå nederst til øverst i Snekkeviksbakken og meiner at kommunen må nytta høvet til å samarbeida med Statens vegvesen slik at denne farlege trafikkfella vert utbetra med utvida svingar og fortau!<br><br>Manglar skilting av fartsgrense - ber om skilting og vurdering av fart, i tillegg til fartsreduserande tiltak, særleg der husa ligg tett i vegen og bør definerast som "gardstun med 30-sone". Snekkevik - Øvre Snekkevik, og avkøyrsle Ebbesvikfjellet - Gavlen.<br><br>Ebbesvikvegen er definert som farleg skuleveg og gjev rett til utvida skuleskyss for barna som bur langs vegen. Talet på barn har auka og vil auka også i åra framover. Avstanden mellom Ebbesvik og Brattholmen er ca 2,5 km og naturleg å sykla i sommarhalvåret for barn frå og med 5. klasse. Mange tykkjer at dette ikkje er tilrådeleg og betaler sjølv for bussen eller køyrer barna sjølv. Barn midt i Snekkekviksbakken har kort veg, men rett på fri skyss, men det er kun busstopp øvst og nedst i bakken og då er ingen vits å nytta dette tilbodet. Saka er tatt opp med Tide og Staten vegvesen, men det er ikkje kome noko avklaring.<br><br>Stor biltrafikk om morgenen, samt ettermiddag og kveld og i sommarhalvåret då det er mykje biltrafikk til og frå hytter og småbåthamn. Den ubebygde strekninga er ofte utsett for høg fart.<br><br>Ebbesvikvegen er definert som farleg skuleveg, men dette berre mellom haustferien og fram til vinterferien. Vegen er like farleg om det er no lyst eller mørkt. Den er uoversiktleg på fleire områder. Det er til tider svært mykje tungtrafikk, dette vere seg traktor/lastebil/ arbeidsbilar av forskjellige typar, og stadig aukande trafikk frå bebuarar. Det har dei siste åra vore ei enorm utbygging. Og kommunen seier stadig at det ikkje skal byggjast fleire bustader før vegen mellom Straume og Ebbesvik er klar. MEN så får ein stadig dispensasjonar på bustader. Og dette er ikkje einebustader, men fleirmannsbustader.<br><br>Innan 2017 vil det vera ca 16 einingar meir enn dags dato, noko som vil gi auka trafikk. Og vegen er den samme! Gratis skuleskyss må derfor gjevast heile året. Vegen er like farleg uansett årstid. Og blir ikkje mindre farleg med den auka trafikken. Kommunen må ta stilling til kva som skal vera skuleveg når strekninga Straume - Ebbesvik blir klar, skal dette blir skulevegen for barna på Ebbesvik, eller skal det fortsatt vera den som går via Snekkevik? |







**Tiltak 4: Brattholmen skule, Sikring av skuleveg ned mot Brattholmen kai på fylkesveg, og vegkryss mot Skrubbeneset.**

Mange barn har i dag sin skuleveg frå Skrubbeneset eller Brattholmen kai og går og kryssar ein usikra fylkesveg. Den einaste moglegheita for å komma trygt til skulen er gjennom innsida av bustadområdet Svartamyra, men dette er ein lang omveg og ikkje eit sikkert kryssingspunkt på Ebbesvikvegen, då den må kryssast for å koma over på trygt gangfelt.

Om talet bilar ikkje er så høgt per døgn på denne strekninga er det spesielt i morgon- og ettermiddagstrafikken våre barn skal gå og kryssa denne vegen i mørke. Det er då det er mest trafikk til butikk på kaien, til og frå bustader i området, og levering og henting av skulebarn. Bussen køyrer også denne vegen.




| | |
|---|---|
| Vurdering | 1. Fjell kommune, i samarbeid med SVV og Hordaland fylkeskommune, set i gang reguleringsplan for FV 209 frå Svingen til Arefjordbrua i 2016/2017. Krysset mellom FV 209 og FV 233 vil vera inkludert i reguleringsplanen, og overgangsfelt og fortau vil utgjera hovudtyngda.<br>TS-planen 2013-16/20 har sett av 2 millionar til FV 209 Arefjordvegen. Etter godkjent reguleringsplan vil resterande midlar verta nytta til mindre punktutbetringar.<br>2. Avkjørsla til parkeringsplassen er ikkje godkjent og svært trafikkfarleg. Eigedomssjefen skal skrive ei politisk sak om å få begynne prosjektering. Det føreligg ikkje fullfinansiering til gjennomføring av det fysiske tiltaket.<br>3. Ebbesvikvegen: Kommunen i samarbeid med SVV, FjellVar og privat utbyggar, har starta prosjektering av delar av FV 233, med utviding av veg og fortau. Det manglar finansiering til gjennomføring av heile det fysiske tiltaket. Vedtak om farleg skuleveg heile året, føreligg.<br>Kommunen skal senda førespurnad til SVV om nedsetting av fartsgrensa.<br>4. Same som pkt. 3, innspel 18 |

## Innspel 20

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| 25 | Tellnes grendalag v/Mona L. Tellnes | FV 204 Tellnes | 1. Fartsdemparar og nedsett fartsgrense til 40 km/t på Fv. 204 på Tellnes. (33)<br>2. Skilte farar og avgrensingar: Smal veg – barn leiker/skulevei – vektgrense (moglegvis 8t.). (33)<br>3. G/S-veg. Sekundært: fortau eller utbetring og grusing av grøfter slik at desse kan nyttast av fotgjengarar. Samtidig eliminerast stygge kantar til fare for alle trafikantar. (33) |
| Innspel | FV 204 går frå Tellnesskiftet (kartpunkt.1) til Haganes. Mellom pkt. 2 på vedlagte kart og brua over Pollen (ca. pkt. 6) ligg den faste busetnaden langs FV 204 på Tellnes. Vegen er svært smal og det fins ingen fortau eller vegskuldre som mjuke trafikantar kan ferdas | | |

| | |
|---|---|
| | trygt på. Det er dessverre eit faktum at fartsgrensa, som i dag er 50 km/t, i stor grad ikkje respekterast.<br><br>Trafikken er mangedobla dei siste tiåra og er stadig aukande. Dette skuldast ikkje minst all gjennomgangstrafikk frå den større nabobygda Haganes som har hatt ei høg auke i takten på bustadbygginga i seinare år, noko som også har ført til meir tungtrafikk. Fleire av eigendommane langs fylkesvegen på Tellnes er delte av vegen og mange hus ligg tett opp til vegen. Nokon plasser ber dermed preg av å vera «gardstun», og fleire stader vil barn leika tett opp til den trafikkerte vegen. Etter at den gamle stien frå krysset Buabrekko / FV 204 (pkt. 3) blei opprusta til gangveg, har Tellnes mista skuleskyssen. FV 204 er den einaste vegen skulebarna kan nytta for å komma seg til denne gangvegen.<br><br>Det lokale busstilbodet er generelt mangelfullt. Dette fører til at alle kollektivbrukarar ofte må vera fotgjengarar på strekninga for å komma til busstopp på Rv. 555. Vegen ønskjast sjølvsagt også brukt til trygg forflytting mellom naboar så vel som til rekreasjon, og dei fleste vil måtta nytta vegen for å nå tilrettelagte tilbod som f.eks. Nordsjøløypa.<br><br> |
| Vurdering | 1. og 2. Kommunen skal søke Vegvesenet om gjennomføring av desse tiltaka.<br>3. Svært kostnadskrevjande. |

## Innspel 21

<table>
<tr><td>Dok.nr. i ePhorte</td><td>Avsendar</td><td>Veg og område</td><td>Tiltak (og referanse til temakart)</td></tr>
<tr><td>26</td><td>Fløythaugen velforening v/Cathrine Mjell</td><td>FV 561 Spjeld<br>1. I området ved Fløyturden og Spjeldsundet.<br>2. I retning Ågotnes: 50-sone etter brua over Spjeldsundet, til toppen av bakken, etter busstoppet.<br>3. I retning Ågotnes, på høgre side av vegen etter Spjeldstunnellen.<br>3. I retning Ågotnes: Før innkøyrsla til Spjeldsfjellet og etter innkøyrsla til Vindskarhaugen.</td><td>1. Undergang for gåande og syklande under FV 561 på Spjeld. (10)<br>2. Fartsreduksjon på FV 561 på Spjeld. (12)<br>3. Fortau på høgre side av vegen i retning Ågotnes. (34)<br>4. Fartsdemparar grunna farlege utkøyrsler på FV 561 på Spjeld. (35)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">FV 561 på Spjeld treng trafikksikringstiltak. Området frå Spjeldstunnelen til toppen av bakken i retning Ågotnes, er særleg utsett. Det er farlege utkøyrsler med dårleg sikt og det manglar fortau og moglegheit for å kryssa vegen. Vi foreslår senka fartsgrense i område, undergang for gåande og syklande, i tillegg til eventuelt fartsdemparar for å betra trafikktryggleiken for både bilistar og mjuke trafikantar.<br><br>Det er totalt syv utkøyrsle med dårleg sikt i ei eller begge retningar på Spjeld. Det er ingen overgangsfelt på strekninga. Det er svært utrygt å kryssa vegen til fots. Det har vore fleire trafikkuhell i området den siste tida. Bebuarar på høgre side av vegen i retning Ågotnes har ikkje fortau og må gå i grøfta eit stykke for å kunna krysse vegen. Det er myke trafikk i området og i tillegg mykje tungtrafikk som fører til endå større trafikkfare for både bilistar og fotgjengarar.<br><br></td></tr>
<tr><td>Vurdering</td><td colspan="3">Same som innspel 11</td></tr>
</table>

## Innspel 22

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | FAU Foldnes skule v/ Merete Mjøs | FV 209 Foldnesvegen | 1. Fortau i Anglevik (28)<br>2. Fortau FV 209 Foldnesvegen (27)<br>3. Setja opp skilt ved av- og påstigings-feltet ved Foldnes skule. Politikontrollar. (35)<br>4. Sykkelopplæring<br>5. Kommunen bør laga regel om at elevar ikkje bør sykla før 5. klasse. |
| Innspel | 1. Fortau Anglevik<br>2. Fortau FV 209 Foldnesvegen: behovet er størst ved Foldnesvegen sør for Foldneskrysset (kryss til gamle Foldnes). Foldneskrysset kan vera stort og uoversiktleg, og det er eit farleg kryss. Det bør vera fortau ved busstoppet.<br>3. Av- og påstigingsfelt ved Foldnes skule: Foreldre parkerer/stopper der dei ikkje har lov, og rygger ut i trafikken, sjølv om barn kjem gåande bak bilane. Det vert også parkert i bussfeltet (ikkje berre kort stopp for på- og avstiging).<br>4. FAU ser gjerne at årleg sykkeldag med sykkelopplæring vert obligatorisk for alle skular.<br>5. Det er også mange barn som bur på Straume/Straumsfjellet. I FAU har vi snakka om at det er veldig mange overganger som elvene skal over for å komma til skulen. Mange foreldre er då bekymra for at det er farleg å sykla når elevane er for små til å skjønna korleis overgangane fungerer. FAU har skrive på heimesida saman med rektor at vi anbefalar elevar å sykle til skulen frå og med 5. klasse. I dag kan 1-4 klasse også sykle til skulen. FAU mener det ikke er bra de er for små. | | |
| Vurdering | 1. og 2. Same som pkt. 1, innspel 18<br>3. Kommunen skal vurdera skilting, skulen bør ta direkte kontakt med politiet for kontrollar.<br>3. Kommunen ønskjer få til ein årleg trafikkdag.<br>4. I 2015 vart det fastsett ei endring i forskrifta til opplæringslova § 12-1., og det er no foreldra som avgjer om elevane får sykla på skulevegen eller ikkje. Kommunen kan ikkje overprøve dette med eigne lokale reglar. | | |

## Innspel 23

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Bjorøy og Tyssøy velforening v/ Ole Bjørn Sandahl | FV 207 Bjorøy | 1. Utbetring av vei/kryss ved Monsahaugen. (41)<br>2. Utbetring av vegen og kaien ved sørekaien. (40)<br>3. Overgangsfelt i samband med busstopp ved kryss FV 207 og KV 87 Bjorøyhamn. (36) |

<table>
<tr><td></td><td></td><td></td><td>4. Overgangsfelt mellom busstoppene ved Nilsvika, og vurdering av plassering av busstoppa. (38)<br>5. Betre veglys ved Bjorøy skule (39)<br>6. Rekkjefølgjekrav om trafikktryggleik, fortau og G/S-veg må følgjast opp (37)<br>7. Fareskilt om hjort må setjast opp (37)</td></tr>
<tr><td>Innspel</td><td colspan="3">Per i dag bruker skulebarna privat veg, kommunale og fylkesvegar som skuleveg. For dei yngste skulebarna er det sett inn skulebuss for å ta i vare trafikktryggleiken. Dei samme barna bruker dei samme vegane etter skuletid til fritidsaktivitetar ved Bjorø y skule.<br>Ei av dei største utfordringane på Bjorøy i dag er trafikktryggleiken for våre barn.<br><br>Bjorøysamfunnet er i sterk vekst, men mange planar for utbygging. Nokre plana står på vent, medan andre prosjekt er under bygging og ferdigstilling.<br><br>No i desse dagar flytter familiar inn i Nilsvika, Bjorøy Brygge (35 leilegheiter). Nilsvikhaugen har ca 10 bueiningar frå før. Dette området er på mange måtar isolert frå resten av Bjorøysamfunnet når det gjeld barn /unge og mjuke trafikantar. Vi har ikkje kunnskap om det vil flytta inn barn i dette området, men vi regner med at det vil skje.<br><br>Frå siste busstopp etter Bjorøytunnelen er det ikkje fortau vidare sørover til neste fortau, ca 350 m. På dette strekket er det heller ikkje veglys. Erfaringer viser også at på dette strekket har bilistar problem med å halda fartsgrensa.<br><br>Mellom busstoppene i Nilsvika er det ikkje overgangsfelt, og plassering av busstopp mot Bergen må vurderast skikkeleg. Dette er eit farlig område.<br><br>Monsahaugen (2) er fortsatt eit farleg kryss, og det vil bli verre med åra ettersom trafikken auker og auker. Her må det planleggast ei god løysing som tar i vare alle, ikkje minst dei mjuke trafikantane.<br><br>«Sørekaien» (3) er fortsatt eit farleg område. Her er det smalt, og det er stor usikkerheit knytttil standaren på kaien ( kor lenge vil den halda?)<br><br>Strekninga forbi «Sørekaien» har vore eit tema dei siste 20 åra, og det er på tide at noko blir gjort.<br><br>Veglys:<br>Ein kombinasjon av smale og dårlege vegar og manglande veglys er dårleg. Velforeninga meiner det er viktig å ha høgt fokus på at eksisterande veglys virker.<br><br>Område med skulen burde absolutt hatt betre belysning. I vintermånedane med skulestart er det mange barn og bilar i område.<br><br>Fortau<br>Vi har registrert at det er bygd ca. 100 m med fortau ifm. avkjørsel til Hellemyrveien. Dette er ein god start, og vi håper arbeidet fortset vidare mot skulen.<br><br>Gangvegar:<br>Velforeninga har tatt initiativ til å etablera ein gangvei mellom barnehage og vestrepollen/Joasfjøro. Dette er eit prosjekt vi vil følgja opp vidare.<br>Velforeninga har i samarbeid med FjellVar etablert/ er i ferd med å etablera ein gangveg</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | i nedre del av Bekkjavikvalen.<br><br>Velforeninga er gjerne med og diskuterer nye løysingar til gangvegar.<br><br>**Hjort:**<br>Det ferdast ein del hjort på Bjorøy. Det har vore ulukke og nestenulukker, så det minste som kan gjerast er å setja opp fareskilt.<br><br>**Avslutningsvis:**<br>Sidan vegstandaren heng så pass etter den generelle utviklinga på Bjorøy, meiner Velforeninga det er viktig at rekkjefølgjekrav i alle prosjekt til trafikktryggleik, gang og sykkelveg følgjast nøye opp, slik at vi kan snu ei utvikling, og der vi går mot ei trafikksikker øy for mjuke trafikantar. Det vil spara kommunen for utgifter til ekstra skuleskyss. |
| Vurdering | 1. Tiltaket ligg med delfinansiering i TS-planen 2013-16/20 og vil vidareførast med høg prioritet frå kommunen. Kommunen skal også samarbeida med Bjorøy skule og Bjorøy- og Tyssøy velforening om eit nærmiljø- og folkehelseprosjekt som har særskilt fokus på barna sin skuleveg, og med målsetnad om å etablera alternative stiar/gangvegar i terrenget.<br>2. Middels prioritert i TS-plan 2013-16/20. Er foreslått vidareført i ny plan. Vedtak om farleg skuleveg ligg føre. Er eit farleg strekk, men særs kostnadskrevjande grunna terrenget og sjøen.<br>3 og 4. Begge tiltaka ligg med høg prioritet i TS-planen 2013-16/20 og vil vidareførast.<br>5. Kommunen skal søkja Vegvesenet om dette.<br>6. Vedtak og krav om rekkjefølgjekrav er ei politisk vurdering.<br>7. Kommunen skal søkja Vegvesenet om oppsetting av fareskilt, hjort. |

## Innspel 24

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Hans Gunnar Våge | KV 1075 Lonavegen, frå Fjellvar og sør mot Geitevikja | Fartsdemparar (42) |
| Innspel | På strekninga frå FjellVar og vidare sørover vert det omtrent utan unntak nytta for stor fart i høve til fartsgrensa på staden. Dette gjer det utrygt å ferdast i området, ikkje minst for gåande og syklande. Særleg ved avkøyrslar til bustader langs Lonavegen, samt i vegkryss til Søre Straume skjer det nesten-ulykker både tidt og ofte.<br><br>Ein har sett med stor uro på den sterkt aukande trafikken av anleggsbilar og andre yrkesbilar som fylgje av den avgrensa utbygginga i Geitevikja og fryktar ein sterk auke i farlege situasjonar når hovudutbygginga i området tek til, ikkje minst som fylgje av at Fjell kommune ved KPU endra rekkjefylgjekravet i sak m. PS32/2015 i møte 10.03.2015.<br><br>Ut frå røynsle på andre vegstrekk, kan det synast som om fartsdumpar er det beste og enklaste tiltaket også her.<br><br>Tør med dette be om at Fjell kommune vurderer tiltak for å betra tryggleiken i søre | | |

| | |
|---|---|
| | del av Lonavegen for dei som bur og ferdast her snarast og innan anleggstrafikken tek til for alvor.<br><br>Sjølv om korkje Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune eller Statens vegvesen hadde merknader til endring av rekkjefylgjekravet i utbyggingssaka, gjev det absolutt ingen garanti for at ein kan ferdast trygt i området, og dei kan lite gjera om ei ulykke eventuelt skulle skje. |
| Vurdering | Kommunen kan utføre fartsmåling for vurdering av fartsreduserande tiltak. |

## Innspel 25

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | FAU Tranevågen ung.skule v/ Vidar Ågotnes | 1) FV 561 ved kryss til Naustvikvegen (Kiwi, Ågotnes)<br>2) Rundkøyringa på Ågotnes (ESSO).<br>3) FV 224 Bleivassvegen.<br>4) Krysset ved Trolletjørna på FV 561 (der gang/ sykkelveg skiftar side)<br>5) FV 561 ved avkøyringa til Spjeldsvegen<br>6) FV 561 frå Vindenesvegen | 1) Skilt og lysregulering (43)<br>2) Betre lys i alle fire overgangsfelta (45)<br>3) Manglar lys langs fortauet (46)<br>4) Overgang for mjuke trafikantar (44)<br>5) Overgang/undergang (10)<br>6) Trygg kryssing ved busstopp (47) |
| Innspel | 1. Mangler lysregulering på FV 561 ved krysset til Naustvikvegen (Kiwi Ågotnes). Arbeidet er påbegynt og det er malt kvite striper i vegen (overgangen), men mangler skilt og lysregulering. Situasjonen no skapar uklarheit om korleis ein skal forholda seg, både for dei mjuke trafikantar og bilistar, noko som medfører farlege situasjonar.<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Ferdigstilla lysreguleringa snarast.<br><br><u>Kart over fotgjengarovergang ved Naustvikvegen (KIWI Ågotnes)</u><br><br>2. Lite lys i alle fire overgangsfelta ved rundkøyringa på Ågotnes (ESSO).<br>-Når det regnar om hausten/vinteren er det vanskeleg for bilistane å sjå fotgjengarane når dei kryssar overgangane.<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Her må lysa flyttast og utbedrast, sjå vedlegg (tidligare brev)<br><br><u>Kart over manglande belysning i rundkøyringa på Ågotnes</u><br><br>3. Gangfelt frå Vindenes til Ågotnes (Bleivassvegen) manglar lys.<br>-Dette har blitt påpeika dei siste 3 årene men er ikkje blitt prioritert. Derimot har det vore sett opp skulebuss i desember og januar månad.<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Gangfeltet må utbetrast med lys, inntil dette er utført må det etablerast | | |

| | |
|---|---|
| | skulebuss heile året.<br><br>Kart over manglande lys fra Vindenes til Ågotnes<br><br>4. Krysset ved Trolletjørna på FV 561(der gang/sykkelveg skiftar side)<br>-Her må dei mjuke trafikantane kryssa fylkesvegen, i tillegg ligg det nærme ein uoversiktleg sving. Manglar overgang.<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Etablera fotgjengarovergang eller utvida G/S-veg på vestsida ned mot krysset til Naustvikvegen (KIWI Ågotnes)<br><br>Kart over kryssing av veg ved Trolletjønna (Ågotnes)<br><br>5. Kryssing av FV 561 ved avkøyringa til Spjeldsvegen.<br>-Her må skuleelevane kryssa den trafikkerte fylkesvegen for å ta buss om morgonen. Manglar overgang/undergang<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Etablera overgang/undergang.<br><br>Kart over kryssing av veg for skuleelevar ved Spjeld<br><br>6. Kryssing av FV 561 ved Vindenes. Busstoppet på FV 561 som ligg ved avkøyringa til Landrodalen/Vindenes har ikkje trygg kryssing for dei mjuke trafikantane, ettersom det er 80 km sone og ein uoversiktleg sving tett på.<br>**Forslag til tiltak som kan hjelpa på situasjonen:**<br>Flytta busstopp slik at det blir større siktsone og setja ned farten.<br><br>Kart over farleg kryss på FV 561 ved Vindenes |
| Vurdering | 1) Lysregulering og skilt er ein del av prosjektet og kjem snarleg.<br>2) Kommunen kan senda førespurnad til SVV om vurdering av lysstyrke, evt bytte av armatur ved overgangsfelta.<br>3) Kommunedelplanen for Ågotnes slår fast at det skal komma ei miljøgate i Ågotnes sentrum, og heile gatestrukturen på Ågotnes vil bli endra som følgje av denne planen, og ny FV 561. Dette ligg fleire år fram i tid, og bør ikkje gå på bekostning av strakstiltak som betre belysning for fotgjengarar. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>4) Tiltaket ligg med høg prioritet i TS-planen 2013-16/20, med utan finansiering. Er foreslått vidareført i ny plan.<br>5) Kommunen sender førespurnad til SVV for vurdering.<br>6) Same som innspel 11<br>7) Kommunen sender førespurnad til SVV for vurdering. |

## Innspel 26

| Dok.nr. i | Avsendar: | Veg og område | Tiltak (og referanse til |
|---|---|---|---|

Vedlegg 3: Innspel til TS-plan 2017-2020 med kommentarar

| ePhorte | | | temakart) |
|---|---|---|---|
| | FAU Tellnes skule, Kallestad og Trengereid Grendalag v/Karsten Sprenger | 1. FV 203 Trengereidveien, mellom Vågsbrekko og privatveg til naustområde | 1. Skilt smal veg (48) |
| | | 2. FV 203 Trengereidveien, mellom Vågsbrekko og privatveg til naustområde | 2. Trefelling for betre sikt (49) |
| | | 3. Vågsbrekko | 3. Busstopp for skulebuss ved Vågsbrekko (55) |
| | | 4. Vågsbrekko til FV 555 | 4. Fortau frå Vågsbrekko til FV 555 (56) |
| | | 5. Busstopp Trengereid gard | 5. Fartsdempar ved busstopp (51) |
| | | 6. Trengereidveien, nedanfor nr. 54 | 6. Veldig høg vegkant må gjerast noko med (50) |
| | | 7. FV 555 v/ Rema 1000, Trengereid | 7. Fotgjengarfelt FV 555 til Rema 1000 (53) |
| | | 8. FV 555 ved Trengereid/Rema | 8. Fjellsikring (52) |
| | | 9. FV 555 Rema 1000 til postkassestativ ved husnr. 775 | 9. Sikra fortau/G/S-veg med fysisk skilje mellom køyrebane og felt for mjuke trafikantar (54) |
| | | 10. FV 555 ved husnr. 775 | 10. Fotgjengarfelt (57) |
| | | 11. Crossbana FV 555 | 11. Opna autovernet ved crossbana FV 555 (58) |
| | | 12. FV 555 frå 54/87 | 12. Fortau frå 54/87 til eksisterande fortau (59) |
| | | 13. Dala FV 555 | 13. Utbetring av veg (60) |
| | | 14. Dala FV 555 | 14. Fjerna fjellknaus (61) |
| | | 15. FV 555 mellom Dala og Tellnes skule | 15. Skilting smal veg / møteplass (62) |
| | | 16. FV 555 ved Tellnes skule | 16. Betre belysning ved busstopp og fotgjengarfelt (63) |
| | | 17. Tellnes skule | 17. Lys på parkeringsplass (64) |
| | | 18. Tellnesvegen v/nr 54 | 18. Sikring av høg kant (65) |
| | | 19. Skogsveg mellom Tellnes og Tellnes skule | 19. Veglys fungerer ikkje (66) |
| | | 20. Tellnesvegen v/nr 101 | 20. Utvida veg (67) |
| | | 21. Tellnesvegen v/nr 147 | 21. Usikra fallkant (68) |
| | | 22. Tellnes kai til Tellnes skule | 22. Fortau (69) |
| | | 23. Fortau frå Roald Tellnes kunstsamling til båthamn | 23. Fortau (69) |
| | | 24. Haganesvegen | 24. Fartsreduksjon frå 50 til 30 km/t (24) |
| | | 25. Haganesvegen | 25. Fartsdemparar (24) |

Innspel

1. Skilt smal veg: Trengereidvegen, mellom Vågsbrekko og privatveg til naustområde
2. Trefelling for betre sikt: Trengereidvegen, mellom Vågsbrekko og privat veg til naustområde, rett etter svingen.
3. Busstopp for skulebuss ved Vågsbrekko: Per i dag er det omtrent 7 barn som tar skulebussen til Tellnes skule. 5 av dei bur i Vågsbrekko, men må gå langs den farlege og smale vegen til busstoppet ved Trengereid gard. Lett løysing er viss bussen kan stoppa ved innkøyrsla til Vågsbrekko.
4. Fortau Vågsbrekko til FV 555: Grunna farleg og smal veg ønskjast det fortau frå Vågsbrekko til FV 555. Dette er regulert, men ikkje planlagt gjennomført. Viktigast er det med fortau frå Vågsbrekko til busstopp v/Trengereid gard
5. Fartsdempar ved busstopp: Busstopp Trengereid gard - barn går ut av bussen og kryssar vegen, medan bilar køyrer fort. Treng ein fartsdempar for å tvinga dei til å køyra sakte.
6. Veldig høg vegkant: Trengereidvegen, nedanfor nr. 54. Ny asfalt og dermed veldig høg vegkant. Syklande barn har allereie falt ned.

   Kart 1-6:




7. Fotgjengarfelt FV 555 til Rema 1000: For busspassasjerar og for bebuarar på Trengereid som må kryssa FV 555 er det per i dag veldig farleg grunna stor hastigheit. Ønskje om fotgjengerfelt ved busstopp v/ Rema 1000.
8. Sjekk fjellsikring FV 555 ved Trengereid/Rema: I vinter falt både store stykker is og stein ned i bilvegen. Fjellsida er sikra, men bør sikrast endå betre.
9. Sikra fortau/ eigen gang- og sykkelveg: Per i dag er det ei eiga køyrebane frå omtrent Rema 1000 til postkassestativ ved husnr. 775. Den er berre merka med ei kvit stripe. Denne blir brukt av gåande og syklistar, men også billister bruker den for å køyra forbi annan trafikk. Dette er livsfarleg, ettersom bilar køyrer med stor hastigheit og svingen gjer vegen uoversikteleg (særleg når det er mørkt). Det må setjast opp autovern eller annan form for beskyttelse for mjuke trafikantar.
10. Fotgjengarfelt FV 555 Trengereid: Det er nødvendig med fotgjengarfelt

v/husnummer 775. Det er ein god del gåande mellom husa i dette området og bebuarane må henta post på den andre sida av vegen. Bilar køyrer veldig fort rundt svingen. Livsfarleg.

Kart 7-10:




11. Opna autovernet ved crossbana FV 555: Autovernet er sett opp langs den nye FV 555. Den gamle FV 555 går her med ein boge rundt eit lite vatn. Vegen er i grei stand, men det er ikkje mogleg for syklistar eller gåande å komma seg på denne vegen utan å klatra over autovernet




12. Fortau frå 54/87 til eksisterande fortau: Svingen ved Dala er eitt av dei farlegaste trafikkpunkta i Søre-Fjell og her skjer det stadig ulykker. Bebuarane ønskjer eit fortau frå den eine sida av svingen til den andre, altså frå tomt 54/87 til husnummer 560
13. Utbetring veg Dala FV 555: Det oppstår trafikkfarlege situasjonar når bussar eller lastebilar møter i Dala-svingane. Vegen må utbetrast der det er mogleg, slik at bussar/lastebilar kan køyra forbi kvarandre utan å bråbremsa i svingen
14. Sprenga fjellknaus FV 555 Dala: Det er ein fjellknaus som stikk eit stykke ut i vegen. Innspel frå ein bussjåfør er at denne burde fjernast, slik at bussar/lastebilar kan leggja seg lenger ut i vegkanten ved passering av andre køyretøy.

Kart: 12-14



15. Skilting smal veg / møteplass: Vegen mellom Dala og Tellnes skule er ganske smal. Innspel er skilting av smal veg og skilting av møteplassar.
16. Dårleg lys ved busstopp Tellnes skule: Rektor ved Tellnes skule ønskjer betre belysning ved busstopp/fotgjengarfelt ved skulen
17. Lys ved parkeringsplass Tellnes skule: Det er per i dag ikkje godt lys ved parkeringsplassen ved Tellnes skule. Barn som kjem med buss eller blir sett av, må kryssa parkeringsplassen, der samtidig bilar parkerer. Det trengs derfor belysning.
18. Sikring av høg kant, Tellnesvegen v/ nr. 54: Det er ein høg vegkant langs flere stader på Tellnesvegen. Dette må sikrast, slik at ikkje biler eller andre trafikanter køyrer/dett utfor
19. Lys fungerer ikkje på alternativ skuleveg: Ein del barn på Tellnes har trygg skuleveg, ved å bruka den alternative vegen mellom Tellnes og Tellnes skule. Bebuarar seier at lysa ikkje har fungert på lenge. Dette må fiksast.
20. Smal veg, Tellnesvegen v/ nr 101: Delar av asfalten har begynt å falla vekk. Det er derfor sett opp autovern lenger inn i køyrebana. Dermed er vegen blitt smalare. Grunneigar forstår ikkje kvifor autovern ikkje er sett opp på hans tomt. Han er positiv til dette.

Kart: 15-20:




21. Usikra fallkant, Tellnesvegen v/ nr 147: Som store deler av Tellnesvegen må også vegen sikrast mot fall.
22. Fortau fra Tellnes kai til Tellnes skule: Bebuarar på Tellnes ønsker fortau fra Tellnes kai til alternativ skuleveg på Tellnes. Dermed kan barn gå trygt til skule og

treng ikkje ta buss.

Kart 18-22:




23. Fortau frå Roald Tellnes kunstsamling til båthamn: Bebuarar på Haganes ønskjer eit fortau frå Roald Tellnes kunstsamling til båthamna. Det er planar om ein enda større båthamn og trafikken kjem derfor til å auke.
24. Frå 50km til 30km: Bebuarar på Haganes ønskjer at fartsgrensa setjast ned frå 50km til 30km. Det er mange barn som leiker i gatene eller må kryssa vegen for å komma til Haganesparken. Bebuarar er også redde for auka trafikk ifm båthamn.
25. Fartdemparar for å overhalde fartsgrensa: Bebuararne på Haganes ønskjer fartdemparar for å overhalde fartsgrensa, ettersom mange ikkje bryr seg om dagens fartsgrense.

Kart 23-25:

| | |
|---|---|
| | <br><br><br>**Generelle innspel:**<br><br># Det er bilistar som ikkje bryr seg om gjeldande fartsgrense. Bebuarane trur denne haldinga er verre i grendene, ettersom sjansen for trafikkkontroll er liten. Innspill er at skilting ofte ikkje er nok.<br><br># Mange speler inn at dei fleste vegane i Søre-Fjell er trafikkfarlege og at trafikksikring ikkje er nok. Kallestad og Trengereid ønskjer at reguleringsplan blir utført snarleg. Andre grender ønskjer fortau langs veg, der det er hus. |
| Vurdering | 1. Kommunen søkjer Vegvesenet om skilt.<br>2. Kommunen søkjer Vegvesenet om trefelling.<br>3. Grunna sikt vert det ikkje tilrådd å flytta busstoppet.<br>4. Utbetring i samband med reguleringsplan ligg med høg prioritet i TS-planen 2013-16/20 og vert vidareført. Vedtak om farleg skuleveg.<br>5. Kommunen kan be Vegvesenet gjennomføra fartsmåling<br>6. Kommunen søkjer Vegvesenet om sikring av kant.<br>7. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan. |

| | |
|---|---|
| | 8. Kommunen søkjer Vegvesenet om fjellsikring. Rassikring må prioriterast.<br>9. Kommunen søkjer Vegvesenet om å få sett opp fysisk skilje. Farleg område for mjuke trafikantar.<br>10. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>11. Kommunen søkjer Vegvesenet om å opna autovernet (feks med saksebom). Bør vera eit enkelt tiltak å få gjennomført.<br>12. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>13. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>14. Kommunen søkjer Vegvesenet om fjerning av fjellknaus.<br>15. Kommunen søkjer Vegvesenet om skilt.<br>16. Kommunen søkjer Vegvesenet om belysning. Bør prioriterast sidan det er ved skule.<br>17. Kommunalt ansvar. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>18. Kommunen søkjer Vegvesenet om sikring av kant.<br>19. BKK sitt ansvar, Kommunen skal melde frå. Innbyggarane kan også melde inn dårleg/ingen belysning langs vegane, gjennom ein enkel prosedyre på nettsidene til BKK.<br>20. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>21. Kommunen søkjer Vegvesenet om sikring av kant.<br>22. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>23. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan.<br>24. Kommunen ber Vegvesenet om fartsmåling.<br>25. Tiltak blir basert på fartsmåling |

## Innspel 27

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Fjell eldreråd v/ leiar Berit Anita Larsen | 1. Fjell gard til Gjerdet kulturminnegard<br>2. Fjell gard, i krysset der RV 555 og FV 559<br>3. Straume: frå Meny og over til Sartor senter<br>4. Straume: ved tidlegare Jernvarebutikken og over til Sartor senter<br>5. Vestsidevegen Sekkingstad | 1. G/S-veg (1)<br>2. Flytting av fotgjengarfelt (25)<br>3. Lysregulert fotgjengarfelt (70)<br>4. Fjerna fotgjengarfelt (71)<br>5. G/S-veg (4) |
| Innspel | 1. Trafikksikringstiltaket gang- og sykkelsti frå Fjell gard til Gjerdet kulturminnegard vert omprioritert frå middels prioritering til topp prioritering, jf. oppgradering frå kommunestyrevedtak 21.02.2013, PS 15/13.<br>2. Fotgjengarfeltet ved Fjell gard, i krysset der RV 555 og FV 559 treffast, må flyttast bak utkøyringsfeltet til buss-stoppen dvs. flyttast nordover og fotgjengarfeltet må også lysregulerast.<br>3. Fotgjengarfelt på Straume – frå Meny og over til Sartor senter – må lysregulerast.<br>4. Fotgjengarfelt parallelt på Straume – dvs. ved tidlegare Jernvarebutikken og over | | |

| | |
|---|---|
| | til Sartor senter – må fjernast då det er trafikkfarleg.<br>5. Forlenge gang- og sykkelveg på Vestsidevegen Sekkingstad. Det går g/s frå skulen til Apalvågen – men det manglar ca. 500 meter frå Apalvågen til toppen av Buabrekko.<br><br>**Grunngjeving:**<br>Fjell eldreråd ynskjer å tilføre at utvalet ikkje har funne førebyggande / tilretteleggande tiltak for eldre i planen. Trafikksikringsplanen er eit overordna grep for å få talet på ulykker ned og auke tryggleiken i trafikken. Trafikksikring er fyst og fremst viktig for å redusere dei menneskelege konsekvensane, med alvorlege skadar og tap av liv. I tillegg fører trafikkulykker med seg store samfunnskostnader. |
| Vurdering | 1) Same som innspel 1<br>2) Flytting av fotgjengarfelt vart vurdert på synfaring 26.04.16. Tiltaket er ikkje tilrådeleg, då fotgjengarovergangen vil komma i konflikt med etablerte bilkryss, dersom det vert flytta. Begge fotgjengarfelta i Fjell sentrum bør rustast opp med ny maling og nye skilt.<br>3) Kommunen kan be Vegvesenet om å vurdera plasseringa.<br>4) Kommunen kan be Vegvesenet om å vurdera lysregulert overgang her.<br>5) Same som innspel 13. |

## Innspel 28

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Ungdommens kommunestyre | 1. FV 224 Bleivassvegen<br>2. FV 561, Kolltveit - Ågotnes | 1. Veglys (46)<br>2. Fleire overgangsfelt |
| Innspel | I arbeidet med å tryggja kommunale og fylkeskommunale vegar må det prioriterast å etablera veglys på alle vegar der det ferdast barn og unge. | | |
| Vurdering | 1 og 2. Tiltaket blir prioritert i framlegg til TS-plan. | | |

## Innspel 29

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Knappskog skule v/ Monica Berntsen | 1. KV 1104 Fjæreidevegen<br>2. KV 1089 Hedlo<br>3. FV 561 Spjeld<br>4. FV 561 Morland | 1. Fortau mot Fjæreide (72)<br>2. Fortau på Hedlo (73)<br>3. Over- eller undergang (10)<br>4. Over- eller undergang (74) |
| Innspel | Sjå veg og tiltak. | | |

| | |
|---|---|
| Vurdering | 1) Det er allereie ferdig prosjektert utvida veg med fortau langs heile Fjæreidevegen. Nokre punktutvidinga er utført, men manglar finansiering til resten av prosjektet.<br>2) I samband med reguleringsplan for gamle Knappskog skule/Hedlo er det sett krav om opparbeiding av fortau langs Hedlo. Planen skal slutthandsamast i løpet av 2016.<br>3) Same som innspel 21<br>4) SVV har planar om å etablere lysregulert overgang mellom dei to busstoppa her. |

## Innspel 30

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Ågotnes barnehage v/ Tove Sørensen | KV 1431 Hamramyra | 1. Fortau helt opp til Ågotnes barnehage. (75)<br>2. Overgangsfelt der det er naturleg å gå over vegen i skuleområdet og ved innkjørsel. (75)<br>3. Breiare veg frå krysset mot Eide og forbi innkøyrsle til Ågotnes skule. (6)<br>4. Eigen veg til barnehagane, eigen veg til skulen. (75)<br>5. Info til foreldre på skulen om ikkje å parkera på veg opp til barnehagane.<br>6. Motivera fleire til å sykla/gå til jobben / buss til jobben. Når det gjeld buss trengs det betre bussavgangar frå stader rundt på Sotra til Ågotnes.<br>7. Skilting for parkering. (75)<br>8. Eigne av- og påstigingsfelt ved skulen, som er bedre enn i dag. (75)<br>9. Fartsdemparar for å redusera fart (75)<br>10. Overgangsfelt til busshaldeplass når vi kjem frå Ågotnes barnehage (75) |
| Innspel | <u>Frå «hovudveg», innkøyrsletil og forbi Ågotnes skule og oppover til Ågotnes barnehage (vegen heiter Hamremyra)</u><br>Kaotisk spesielt om morgon rundt 815-830 ved skulen.  Barn som blir kjørt til skunlen, barn som går, barn som syklar, barn som skal leverast i Hamremyra barnehage/ tannlegebygg og Ågotnes barnehage.<br><br>Manglande fortau opp til Ågotnes barnehage, ikkje overgangsfelt frå bussplass til skule/tannlegesenter. Smal veg. Ved innkøyrsle til området er det store jordvollar mellom bilveg og gangveg, ved enden kjem dei rett ut i bilveg inn til skuleområde, kan vera vanskeleg å sjå dei. Manglande overgangsfelt og dårleg skilting. Her der det mange biler som køyrer samtidig med gåande og syklande. Foreldre som parkerer overalt ved levering av barn til skulen. Dagens løysing ved skulen lager av og til kø pga at det er trangt heilt ut i «hovudvegen» som går mot Landro. | | |

| | |
|---|---|
| | På og av stigning ved skulen skaper farlege situasjonar når biler skal opp til Ågotnes barnehage og Hamremyra barnehage.<br><br>Trangt forbi Ågotnes barnehage-Lillebjørn når ein skal vidare opp til Ågotnes barnehage - Storebjørn.<br><br>Manglar overgangsfelt til bussholdeplass når vi kommer frå Ågotnes barnehage, det finst ikkje overgangsfelt ved Ågotnes skule. |
| Vurdering | 1. Eigedomssjefen jobbar med endring av reguleringsplan i samband med utviding av Ågotnes barnehage. Endringa omfattar utviding av veg og fortau.<br>2. Same som innspel 4<br>3. Same som innspel 4<br>4. Same som innspel 4<br>5. Dette er haldningsskapande arbeid mellom skule og heim. Kontakt skuleleiing om dette.<br>6. Fjell kommune har ein folkehelsekoordinator som arbeider med å auka sykkelbruken. Det vert også arbeidd med haldningsskapande arbeid i oppfølginga av sykkelstrategien, og gjennom deltaking i programmet BYREG. Det vert arbeida både politisk og administrativt for å få Skyss til å betra busstilbodet sitt på Sotra, som er dårleg utanfor hovudlinene.<br>7. Vert ein del av utbyggingsprosjektet til Ågotnes barnehage, sjå pkt 1.<br>8. – 10. Same som innspel 4 |

## Innspel 31

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Ulveset skule v/ Sigrunn turøy | 1. FV 559 v/ Ulveset skule<br>2. FV 205 Nesevegen<br>3. FV 555 Gardstunet barnehage til Gjerdet gard | 1. Fotgjengarfelt på nordsida av skulen (18)<br>2. G/S-veg frå Tveita til Nese (19)<br>3. G/S-veg (1) |
| Innspel | Sjå veg og tiltak. | | |
| Vurdering | 1. Same som innspel 14.<br>2. Same som innspel 14.<br>3. Same som innspel 1. | | |

## Innspel 32

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Ulveset barnehage | 1. FV 559 v/ Ulveset skule<br>2. Ulveset barnehage | 1. Fotgjengarfelt til FV 205 (18)<br>2. Veglys (76) |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | v/Janita S. Sjøvold | 3. Ulveset barnehage<br>4. Ulveset barnehage | 3. Utvida parkeringsplass (76)<br>4. Betre merking av parkeringsplassar (76) |
| Innspel | 1. Der må markerast for overgang. Både barnehage og skule nyttar dette som turveg. Der er 40 sone og fartsdumpar, men ingen bilar synar teikn til å stoppe når vi står der med 15 barn og skal over.<br>2 – 4. Det er trangt (få parkeringsplassar). Bilar må rygge, uoversiktleg og dårleg belysning vinterstid. Skikkelege veglys. Utvida parkeringsplass. Kommunen må og vere tydelegare på å markere at dei parkeringsplassane som er nærare hovudvegen, som personalet (og nokre foreldre) nyttar er kommunen sine. Her står jamnt to parkerte bilar året rundt (tydeleg ikkje kjørbare) + 1 – 3 bilar ekstra som ikkje har noko med barnehagen å gjere. Dette har eg vore i dialog med eigedomsavdelinga om, men ingenting skjer. | | |
| Vurdering | 1) Same som innspel 14<br>2) Veglys er effektivt og eit rimelig tiltak for å betre tryggleiken i samband med av/på-stigning på parkeringsplassar. Blir prioritert i framlegg til TS-planen.<br>3-4.) Samferdsle skal ta ei vurdering av området. | | |

| **Innspel 33** | | | |
|---|---|---|---|
| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
| | Liljevatnet skule v/Ingunn Bente Lie | 1. FV 209 Arefjordvegen<br>2. KV 1047 Valavegen<br>3. Liljevatnet skule, parkeringsplass | 1. Utviding av veg og fortau (32)<br>2. Utviding av veg og fortau (77)<br>3. Skilt: «avslepp forbode» (78) |
| Innspel | 1 og 2. Dersom Arefjordbakken vert brukt, er dette ein farleg veg. Ned til Valen treng det og å tryggast.<br>3. Barna vert slept av på parkeringsplass. Dette kan føra til utrygge situasjonar. | | |
| Vurdering | 1) Kommunen ser behovet for utviding av veg med fortau, særskilt med tanke på at FV 209 vert brukt som omkøyringsveg for Rv 555. Svært kostnadskrevjande.<br>2) Det føreligg godkjent reguleringsplan for utviding av veg med fortau, men manglar finansiering. Det er mykje trafikk i samband med industri og barnehage langs vegen og kommunen ser behovet for å trygge særskilt dei mjuke trafikantane langs Valavegen.<br>3) Haldningsskapande arbeid hos foreldre. Samferdsleavdelinga skal vurdera skilt. | | |

## Innspel 34

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Naustvika Barnehage v/ Silje M. Austbø | 1-3. KV 72 Naustvikvegen<br>4. Naustvika barnehage<br>5. FV 561 v/ Kiwi på Ågotnes | 1. Fortau (79)<br>2. Utviding av veg (79)<br>3. Senka høgda på asfaltkant (79)<br>4. Utvida parkeringsplassen (80)<br>5. Overgangsfelt (43) |
| Innspel | 1-3. Ingen fortau frå hovudveg og ned til barnehagen, minimum 20 cm høye asfaltkanter, vegen er smal kun plass til en bil, mye trafikk.<br><br>4. Trangt, parkeringsplass med mange som skal sette samtidig, ikkje fått løyve til å utvide.<br>5. Må krysse hovedvegen for å ta buss inn mot straume. | | |
| Vurdering | 1-3. Kommunen ser behovet for fortau då området er i vekst som igjen fører til auka trafikk. Samferdsle tek ei vurdering av dei høge asfaltkantane.<br>4. Det føreligg ein godkjent reguleringsplan og ein søknad om endring må rettast til plan- og utbyggingssjefen.<br>5. Prosjektet med lysregulert overgang er under arbeid. | | |

## Innspel 35

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Åsmund Rong | FV 209, Arefjordvegen | Betre belysning frå Svingen til Liljevatnet skule (32) |
| Innspel | Jeg mener det er et sterkt behov for utbedring av veilys på strekningen «svingen» (avkjørsel til Brattholmen) til Liljevatnet skule. Denne strekningen er relativt mye trafikkert, ikke minst av myke trafikanter. Når strekningen er uten fortau blir det kanskje enda mer alvorlig. Jeg har selv flere ganger vært nære på å skade enten mennesker eller bil, og jeg har bare bodd her 2 måneder.<br><br>I tillegg til trafikkfaren dette forårsaker gir det også praktiske utfordringer: som å se avkjørselen til Arebakken for eksempel. Det er helt utrolig dårleg belyst strekning, og i et kryss med tre avkjørsler, hvor det i tillegg står søppelspann plassert jevnlig, blir dette også en trafikkfare. Etter tømming blåser det gjerne et spann ut i veibanen, og det ser man ikke før det er for sent - noe jeg smertelig fikk erfare for noen uker siden.<br><br>Jeg håper dere er villig til å utbedre dette omgående. Det dreier seg om å bytte til sterkere pærer/bytte selve «lampen» på denne strekningen. | | |
| Vurdering | Fjell kommune i samarbeid med SVV og Hordaland fylkeskommune skal sette i gong regulering av nemnte strekning for utviding av veg med fortau. Kommunen kan sende ein førespurnad til SVV om midlertidig tiltak for betra belysninga. | | |

## Innspel 36

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Elevrådet ved Fjell ungdomsskule | 1. FV 209 Arefjordvegen<br>2. Lundebakken (Gamle Foldnes)<br>3. KV 1030 Haugavegen<br>4. FV 209 Foldnesvegen ved den gamle kyrkjegarden<br>5. Skogedalsvegen<br>6. Området rundt Fjell kyrkje<br>7. KV 47 Gamlevegen til Straume<br>8. Bildøybakken<br>9. FV 206 Liaskjervegen<br>10. FV 207 Bjorøy, Monsasvingen<br>11. FV 207 Bjorøy<br>12. FV 207 Bjorøy, Nilsvika | 1. Fortau (32)<br>2. Fortau og overgangsfelt (ukjent gatenamn)<br>3. Overgangsfelt ved Sotraheimen busstopp (81)<br>4. Fornya fortau (27)<br>5. Betre belysning (82)<br>6. Fortau (25)<br>7. Fortau (83)<br>8. Betre belysning (84)<br>9. Fortau (85)<br>10. Senka fartsgrensa og betre belysning (86)<br>11. Fortau (37)<br>12. Forbetring av busstopp (38) |
| Innspel | Sjå veg og tiltak. | | |
| Vurdering | 1. Same som innspel 19.<br>2. Samferdsleavdelinga vil vurdera dette<br>3. Samferdsleavdelinga vil vurdera dette<br>4. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>5. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>6. Ser ikkje behov for meir fortau her.<br>7. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>8. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>9. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>10. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>11. Blir prioritert i framlegg til TS-plan<br>12. Blir prioritert i framlegg til TS-plan | | |

## Innspel 37

| Dok.nr. i ePhorte | Avsendar | Veg og område | Tiltak (og referanse til temakart) |
|---|---|---|---|
| | Samferdsle-avdelinga, Fjell kommune | 1. KV 47 Bildøyvegen (Gm. Straumsundet bru – Ankerhagen)<br>2. KV 47 Bildøyvegen (Gm. Bildøy bru – Gm. Straumsundet bru)<br>3. KV 47 Gm. Straumsundet bru<br>4. Bildøybakken (Gm. Bildøy bru – Bildøybakken) | 1. Utviding av veg (83)<br>2. Utviding i samsvar med reguleringsplan (ikkje ferdig) (83)<br>3. Ny og utvida bru (83)<br>4. Fortau + veglys (84) |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 5. Brattholmen skule<br>6. KV 61 Åsevegen<br>7. KV 1010 Hjelteryggsvegen/KV 1013 Høgafjellsvegen<br>8. Alle overgangsfelt<br>9. KV 1136 Grønamyrsvegen<br>10. KV 1067 Nygårdsvegen<br>11. Skogedalsvegen<br>12. KV 1015 Torvhusvegen<br>13. KV 1009 Lyngnesvegen/ KV 1008 Skiftedalsvegen<br>14. KV 1330 Landrovågen<br>15. Ågotnes skule/bhg<br>16. KV 1428 Gjetnesvegen<br>17. Kolltveit skule<br><br>Elles vidareføring av prosjekt frå TS-planen 2013-2016/20 | 5. Ny avkjørsle, p-plass og veg i samsvar med reguleringsplan (31)<br>6. Utviding i samsvar med reguleringsplan (88)<br>7. Utvida fortau, evt. fjerna og markera (87)<br>8. Intensivbelysning på alle overgangsfelt<br>9. Utviding i samsvar med reg.plan (89)<br>10. Vegutviding + fortau (90)<br>11. Veglys (82)<br>12. Veglys (92)<br>13. Veglys (91)<br>14. Veglys + utviding veg og fortau (93)<br>15. Intensivbelysning og veglys + utviding veg og fortau (75)<br>16. Veglys (46)<br>17. Veglys på gangveg bak skulen (94) |
| Vurdering | Samferdsleavdelinga vurderer alle desse prosjekta til å vera viktige sikringstiltak i planperioden. | | |